

## Leikegrupper

Faste grupper over fleire månadar, med fast vaksen. Gruppene skal innehalde leik (ikkje forming/baking eller liknande) med deltakande vaksen. Vi nyttar tema frå Duå kurset som fokusområdet i samspelet til dømes ros/oppmuntring, coaching, problemløysing. Nytt gruppa til å observere og støtte dei barna som treng ekstra støtte i språkutvikling eller sosial kompetanse.

Frå årsplan: *Dei faste gruppene som vert nytta kvar veke vil vere ein fin arena til å stimulere til kommunikasjon og sikre at alle barn deltar i samtalen og samspelet.*

## Språkarbeid i det daglege

Jobbe systematisk med TRAS på barn frå dei er tre år – dersom dei har utfordringar med språket. I enkelte tilfelle frå dei er to. Fyll ut skjema minst to gangar pr. år og vere nøye med å bytte farge, skrive dato, signatur og kommentarar på baksida.

Jobbe systematisk med språk i det allmennpedagogiske arbeidet. Særleg i her og nå situasjonar. Gjenta rett ord – utan å rette på – i alle samanhengar. Overdriv gjerne.

Knytte det til tema, årstid eller liknande. Språkarbeidet skal vere tilknytta andre ting, ikkje i tillegg til.

Gruppesamansettinga ikkje så viktig. Alle barn kan ha nytte og glede av å bli bada i språk.

Når det gjeld uttalevanskar er det lurt å starte med å jobbe med å lytte, lytte etter lyder, samanlikne lydar, leite etter lydar, gjette lydar, lydlotto.

Viktig med struktur og forventningsavklaring + leik og moro.

Munnmotorikk har ingen effekt på språklyder, viser nyaste forkinga. Dersom ein skal øve på språklydar, må ein gjere akkurat der – øve språklydar.

## Styrkingsgrupper

Utfrå observasjonar og foreldresamarbeid set vi saman styrkingsgrupper i språkarbeidet. Her nyttar vi dei hjelpemidlane som er nyttig for dei utfordringane barna/barnet har. Gruppene møtes 2 ganger i veka i ein periode til ein har oppnådd eit resultat eller ein set inn andre/ nye tiltak. Dette vert ofte tatt opp i ressursteam for rettleiing.

## Samlingsstund

Natås barnehage ser på samlingsstund som ei viktig arena for språkstimulering. Måndag har samlinga spesielt språkfokus elles er innhaldet knytt til tema, årstid, bursdag m.m.